

# Årsmelding

## Førde sokn



2022

## 1. Året etter korona

Årsmeldinga viser den store aktiviteten som er i Førde sokn. Her er det mange som bidreg, både tilsette og frivillege. Det er vi svært takksam for! Framover treng vi særleg å styrke arbeidet for barn og unge. Vi har starta samtalar med Kyrkjevevje, KFUK-KFUM Førde og prostiet om dette. Ei slik satsing vil krevje meir ressursar, og dette vil utfordre oss til fast gjevarteneste.

Kyrkja vår har heile tida trong for fysiske utbetringar, og neste steg er toaletta i kjellaren og varmesentral for bruk av fjordvarme gjennom radiatorar under benkene. Dette er no godkjent av Riksantikvaren. Vi kom i mål med innsamling av pengar til nytt teppe i midtgangen i kyrkja. Vi takkar mykje for kr 76 782!

Vi har starta arbeid for utviding av kontordelen på Førde kyrkjetun. Saman med husstyret har Arki v/Helge Naustdal laga teikningar og hatt førehandskonferanse med Sunnfjord kommune. Dette er tufta på ein ny langsiktig leigeavtale med Fellesrådet.

Vi rettar ein stor takk til dei tilsette for den viktige jobben dei gjer, og alle frivillege som stiller opp for at vi som utgjer kyrkja i Førde skal møtast og trivast. Kyrkja og Kyrkjetunet er gode møteplassar for tru og tvil, kulturformidling, musikalsk arbeid, sosial møteplass, fest og sorg. Saman skapar vi ein god plass å vere og å høyre til.

Bjørn-Harald Haugsvær  
Leiar Førde sokneråd

## 2. Førde sokneråd med utval

Dette er samansettinga av soknerådet i 2022: Bjørn-Harald Haugsvær (leiar), Cathrin Hjelle Søvde (nestleiar), Ingeborg Watne Flatland (medlem i Sunnfjord kyrkjelege fellesråd), , Aud Berit Fossøy (varamedlem Sunnfjord kyrkjelege fellesråd), Maria Holsen, Ole Johnny Warvik, Sven Ivar Hove, Jorunn Gjengedal Knapstad, Ingvald Andersen Frøyen (sokneprest)

Varamedlem: Leonard Subrescu, Anny Konstanse Skadal Andersen, Nina Gornitshni, Inger Irene Dvergsdal, Olav Magne Hegdal

Førde sokn har no desse faste utvala:

- Utval for gudstenester og kyrkjemusikk: Cathrin Søvde (leiar), Inger Helene Nordeide og Odd Arne Standal, Ingvald Andersen Frøyen (tilsett), Gro Gunnarson (tilsett)
- Misjonsutvalet: Jorunn Knapstad (leiar), Eli Schwartz
- Utval for diakoni og grøn kyrkje: Hanne Schnitler (leiar), Olaug Åmot, Margit Nygård, Elin Flatland, Svanhild Ask, Aud Berit Fossøy, Leonard Subrescu, Ingvar Vagstad (tilsett)

- Utval for trusopplæring: Anne Magerøy, leiar (NMS), Sven Ivar Hove (soknerådet Førde), Gunn Heimestøl (soknerådet Holsen og Haukedalen), Hanne Bildøy (søndagsskulen), Inger Anne Friborg, Kariann Aasland (KFUK-KFUM), Heidi Voltersvik Styve (tilsett), Gry Sætre (tilsett)

### 3. Frå soknepresten

Som det går fram av dei utvalde tala i årsstatistikken, så kom vi i 2022 nærare eit normalår etter to år med pandemi. Likevel er det viktig å hugse at også seinvinteren og våren 2022 hadde nokre restriksjonar.

Dei siste tre åra har det vore mange ulike slag løysingar på gudstenester, og til dømes har skulegudstenestene vore nesten heilt ute fram til jul 2022, difor vil ein sjå i statistikken at tala sprikar veldig. Vi har og vore meir tilbakehaldne med nattverd i pandemitida, noko vi ser tydeleg på tala for deltakarar til nattverd.

Vi gler oss over at vi framleis har ganske høge dåpstal og at mange unge vel kyrkjeleg konfirmasjon. Samstundes ser vi at ei av våre største utfordringar er å få med oss ungdomar, unge vaksne og familiar vidare inn i det ordinære livet i kyrkja. Dette vert ei stor utfordring og oppgåve for soknet og soknerådet i tida framover.

Av statistikken vil ein og kunne sjå at vi har ei markant auke i tal gravferder. Dette er ei forventa utvikling i ein kommune der aldersgjennomsnittet aukar. Vi brukar difor meir tid og ressursar på desse oppgåvene, og det vil truleg berre auke på i åra som kjem. Som kyrkjelyd må vi difor og ta høgde for at arbeidet inn mot den vaksne og godt vaksne delen av befolkninga framleis må ha ein sentral plass.

Det blir lett slik at ulike grupper vert sette opp mot kvarandre når vi skal fordele ressursar og legge planar. Ikkje minst blir dette tydeleg når det vert strammare budsjett og trøngt om dei frivillige ressursane. I ein kyrkjelyd er vi alle guds born, uavhengig av alder og familiestatus. Vi høyrer til i kyrkjelyden vår og vi høyrer saman. Difor må vi klare å femne breitt og ikkje gje inntrykk av at nokre grupper er viktigare enn andre.

Førde kyrkjelyd femner breitt og er viktig for mange menneske. Samstundes veit vi at vi har mykje å gå på med tanke på å involvere enno fleire, skape ulike møteplassar, etablere nye småfelleskap og lage gudstenester som nyttar språk og uttrykk fleire kan kjenne seg att i.

Eg vil nytta høvet til å takke alle frivillige medarbeidarar og gode kollegaer i kyrkjestaben for trufast teneste. Saman er vi Førde kyrkje, og saman vil vi gjere kyrkja synleg og nærverande i dei liva folk lever her i Førde.

Ingvald Andersen Frøyen  
Sokneprest

#### 4. Tilsette gjennom Sunnfjord kyrkjelege fellesråd

<u>Stilling</u>	<u>Namn</u>	<u>Stillingsstorleik</u>
Diakoniarbeidar	Ingvar Vagstad	100 %
Diakon	Anita Rusken	100 %
Kateket	Heidi V. Styve	100 %
Kantor	Gro Gunnarson	100 % (30 % permisjon til 15. juni)
Kantor	Miguel E. Chavez	100 % (til 1. april)
Kyrkjegardsarbeidar	Oddbjørn Steinsund	15 %
Kyrkjelydspedagog	Ute Lindner	100 % (delvis permisjon)
Kyrkjelydspedagog	Gry Sætre	100 %
Kyrkjjetenar/kyrkjegardsarbeidar	Terje Sæle	100 %
Kyrkjjetenar	Leonard Subrescu	100 %
Kyrkjeverje	Inger Øvrebø	100 % (til 31. mai)
Kyrkjeverje	Sissel Vartdal	100 % (frå 1. juni)
Økonomileiar	Trond Herløvsund	70 %
Dagleg leiar Førde kyrkjetun	Ann Berit Steiro	100 % (75 % som dagleg leiar)
Sekretær	Torill Øye	100 % (delvis i Jølster)
Sekretær	Joy Taylor	100 % (delvis Gaular)

#### **Ungdomsarbeidarar på timebasis:**

Margrethe Fauske (til 1. november)

Magnus Haugsvær

Emily Klakegg Hegdal

#### **Tilsette i bispedømmet:**

Prost                      Knut Magne Nesse

Sokneprest                Ingvald Andersen Frøyen

Kapellan                  Carsten Langeland

## 5. Nøkkeltal for Førde sokn og Førde kyrkje for året 2022

	Førde 2018	Førde 2019	Førde 2020	Førde 2021	<b>Førde 2022</b>
Døyppte eigne	107	86	87	81	<b>93</b>
Deltakande på søndagsgudstenester	11076	11672	5718	5567	<b>10072</b>
Deltakande på andre gudstenester	6209	6534	322	2216	<b>4032</b>
Deltakande på gudstenester Totalt	17285	18206	6040	7783	<b>14104</b>
Tal søndagsgudstenester	69	68	67	56	<b>77</b>
Tal andre gudstenester	51	43	14	26	<b>32</b>
Tal gudstenester med nattverd	44	58	26	32	<b>38</b>
Totalt tal på deltakarar til nattverd	3028	3360	648	1232	<b>2098</b>
Tal gudstenester totalt	120	111	81	82	<b>109</b>
Gjennomsnitt oppmøte gudstenester	144	154	75	95	<b>129</b>
Gjennomsnitt oppmøte hovudgudsteneste	161	171	86	99	<b>130</b>
Gjennomsnitt tal på nattverdsgjestar	69	57	25	39	<b>55</b>
Tal konfirmantar	152	148	149	144	<b>152</b>
Totalsum på innkomne gåver på kollekt i kyrkja	425.122 kroner	439.367 kroner	211.100 kroner	224.277 kroner	<b>459794 kroner</b>
Innmelde	3	13	2	6	<b>2</b>
Utmelde	26	45	42	45	<b>17</b>
Vigsler	8	9	3	4	<b>14</b>
Gravferder	46	55	58	44	<b>72</b>
Deltakande på gravferder	-	7819	--	3461	<b>7641</b>

(Tal pr.20.januar 2022 )

### Dåp

Vi har ikkje tal på kor høg prosent døypte det er ut frå fødselstala, men vi har altså ei lita auka samanlikna med tala dei siste 4 åra. Vi har med andre ord framleis ei god oppslutning kring dåpen. Vi hadde 93 døypte eigne og i tillegg kjem ein god del som hadde dåp i Førde, men som bur vekte.

### Ungdom

Her er vårt store smertepunkt. Vi har framleis eit stort konfirmantkull på 152 ungdomar, men vi lukkast ikkje med å dra dei med vidare etter konfirmasjon. Vi har ikkje noko eiga kontinuerleg arbeid for ungdom og unge vaksne, bortsett frå KFUK-KFUM Førde som har eit Ten-sing kor pluss ei lita sportsgruppe. Slik ynskjer vi ikkje at det skal vere, og dette står no øvst på lista til soknerådet.

### Teneste

Vi har ein stad mellom 80-100 namn på frivilliglista vår, og vi jobbar kontinuerleg med å utfordre nye personar til teneste. Vår utfordring er at 80-90 % av våre frivillige er godt

vaksne, så vi må jobbe aktivt for å rekruttere fleire yngre til aktivt arbeid i kyrkja.

Når det gjeld gjevarteneste har soknerådet i november 2022 oppretta ei arbeidsgruppe som skal jobbe med å få på plass ei oppgradert gjevarteneste. Kollekten i soknet er tilbake på nivået før pandemien pluss litt.

### **Kultur**

Det viktigaste kunst- og kulturarbeidet i Førde kyrkje er det kyrkjemusikalske arbeidet som vert leia av Kantor Gro Gunnarson. Ho driv Førde Korskule for born og leiar Førde Kyrkjekor for vaksne, som er vitalt og i vekst. Begge desse kormiljøa har vore i drift lenge og vert difor rekna med og klarer å rekruttere stadig nye. Desse kormiljøa er også i kontakt med song- og musikkmiljø utanfor kyrkja og samarbeider på tvers.

Kantor Gunnarson er og flink til å gje andre aktørar rom i kyrkja, så som trekkspelklubben, korps og andre kor i lokalsamfunnet. I 2022 arrangerte vi eiga orgelkonsert med Iver Kleive, og kvart år har vi samarbeid med Førde internasjonale folkemusikk-festival. Her er det ein kyrkjekonsert og ein festivalgudsteneste.

I året 2022 kom det ut ei kunstbok om Førde kyrkje der Førde Kunstlag og Senioruniversitetet sat i førarsetet, men med Førde sokneråd som medspelar. Opplaget på 500 er no utseld og kommunen har kjøpt inn klassesett av boka til skulane i gamle Førde kommune.

Diakoniarbeidar Ingvar Vagstad har jamleg skulebesøk i Førde kyrkje med fokus på kunsten i kyrkja og barokken. Elles vert kyrkja mykje nytta til utleige for eksterne konsertaktørar.

### **Synleg**

Vi kan alltid vere meir synlege, men her vi å lyfte fram dei gode tiltaka som vi faktisk har. Gjennom vårt diakonale arbeid har vi fleire solide tiltak åleine og i samarbeid med både kommunen og Røde Kors:

- Kafé kvar onsdag heile året i samarbeid med frivilligsentralen/kommunen.
- Onsdagstur – i samarbeid med dagpsykiatrien.
- Kyrkja i byen – ein ettermiddag kvar veke på Skywalken på Handelshuset. Samtale og lyttepost.
- Faste besøk på sjukeheimen.
- I tillegg vil vi nemne at NMS sin Gjenbruksbutikk i Førde i all hovudsak vert drifta av frivillige som også er aktive i Førde kyrkjelyd. Vi ser dette som ein del av vårt synlege nærvær i byen.
- Vi er synlege i byen når vi har vår årlege bygudsteneste på Rådhusplassen.
- Vi er synlege på den årlege sykkelreparasjonsdagen som miljøgruppa/diakoniutvalet skipar til

### **Universell utforming**

I samband med ombyggingsarbeid i Førde kyrkje har vi no fått på plass HC-toalett. Vi har fått avkorta nokre kyrkjebenkar slik at rullestolbrukarar kan sitte midt i kyrkjerommet utan å sitte på utstilling i midtgangen. I neste byggerunde er det og lagt inn i budsjett ny HC parkering nærmare kyrkja og opparbeiding av gangveg med eit dekke som er tilpassa rullestol

## 6. Frå kateketen: konfirmantarbeidet

Heile 96,2 % av alle døypte 15-åringar i Førde blei konfirmerte i 2022. Det er ei stor glede, og ei positiv utfordring at så mange ungdommar framleis vel kyrkjeleg konfirmasjon i Førde. Difor prøver vi stadig å utvikle konfirmantopplegget slik at det skal vere spennande, attraktivt og lærerikt. Det vert lagt ned mykje godt arbeid av tilsette, dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane og andre for at ungdommane skal ha eit godt og trygt år som er med og formar dei.

Eg vil trekke fram tre ting frå 2022:

I tillegg til undervisning, gudstenester og samlingar som er likt for alle skal alle konfirmantane velje seg ei gruppe, eller ein leir å vere med på. Nytt av 2022 var «gamingkonfirmant». Det er eit samarbeid med KFUK-KFUM Sogn og Fjordane og Sunnfjord Sport og Gaming. 28 konfirmantar møtte fire gongar i løpet av konfirmantåret til gaming, trening og samtale på Spenst treningscenter.

Nattcupen, som KFUK-KFUM har arrangert, har vore ein mangeårig tradisjon for konfirmantane i Sunnfjord. Koronatida gav oss moglegheit til å tenkje nytt, så 2022 blei fyrste året for Konfirmantfestival i Sunnfjord. Festivalen var i Gaularhallen på Sande i regi av KFUK-KFUM. Fleire hundre konfirmantar fekk høyre Farmen-Thor, syngje saman, vere på tur eller i aktivitet, springe globallop og mykje meir.

I 2022 blei det ikkje noko av den planlagde skileiren til Strandafjellet. Sunnfjord skisenter tok då kontakt med kyrkja og tilbød skidag ein kveld i Blomlia skisenter. Arrangementet var ope for konfirmantar frå heile Sunnfjord. Røde kors, redningshundane m.fl. hadde opplegg, og det var fleire Førde-konfirmantar som deltok.

Eit anna viktig arbeid blant barn og unge i Førde er kyrkje/skule/barnehage-samarbeidet vi har. Barnehagane har vore på påskevandring, vrимletid og julespel. Her er det framleis god oppslutning og nesten alle barnehagane i Førde var innom kyrkja i løpet av året. Alle grunnskulane var på skulegudsteneste til jul. Fleire av dei var og på skulegudsteneste til påske. 4.-klassingane var på kyrkjebesøk i juni, og dei fleste 4.-klassingane fekk «vandring gjennom Bibelen» i haust.

Heidi V. Styve  
Kateket

## 7. Frå kyrkjelydspedagogen: trusopplæring

Året 2022 har vore eit kjekt år for gjennomføring av trusopplæringstiltak i Førde sokn. Det har vore godt oppmøte og mange frivillige som har hjelpt til.

Eg vil trekke fram 3 tiltak:

**Vakuumveka** er ei aktivitetsveke før skulestart for barn i 1.- 4. klasse. Dette er ei veke full av aktivitetar, og det har vore populært. I eit forsøk på å få med fleire gutar, så valte vi å flytte arrangementet til Førde barneskule. Barna får då tilgang til gymsal og leikeplass ute. Likevel er vi nær kyrkja, som vi også nyttar mykje. Temaet for Vakuumveka var Paulus, og vi avslutta med framsyning av musikal for foreldra.

**Kirkerottene:** I 2022 hadde vi eit nytt tiltak for barna på 5 og 6 år. Dokketeateret Kirkerottene hadde framsyninga i Førde kyrkje, og temaet var knytt til likninga om sauen som blei borte, og at Gud er glad i alle. Det kom litt over 100 barn og foreldre.

**Krøllesamling** var nytt i 2021, og vi har hatt 6 samlingar i 2022. Dette er eit tiltak som vi ser blir meir og meir populært. Barna kjem igjen og mange nye kjem også til. Vi sender ut invitasjon til dette samtidig som vi sender 1-, 2- og 3-års dåpshelsing. I tillegg vil eg nemne **barnealteret** i Førde kyrkje. Det er eit alter med bønnekrukke og skuffer med perler frå Kristuskransen. Elin Flatland har sydd tre dukar til alteret; ein grøn, ein kvit og ein lilla. Dukane vert skifta etter fargane i kyrkjeåret. I 2022 har vi nytta dette alteret ved forbøna under Familiegudstenestene. Vi har spurd deltakande barn om å bere fram bønnekrukka saman med den andre bønnekrukka.

**Familiesøndag** var også nytt i 2022. Vi har hatt 3 samlingar på hausten. Ei samling ute, ei på Førde kyrkjetun med sal av middag og ei i Førde kyrkje med vandring. Vi ser at det trengs tid å få etablert faste deltakarar på desse samlingane, og at det er ulike familiar som kjem etter kva type arrangement vi har.

Takk til frivillige unge og vaksne, som har støtta opp om til trusopplæringstiltak for barn, ungdom og familiar i Førde!

Gry Sætre  
Kyrkjelydspedagog

## **8. Frå kontor: kyrkjemusikalsk arbeid**

Kantor har desse faste oppgåvene: spele på gudstenester, gravferd, vigsel og Førde omsorgssenter, korarbeid, konsertar, UGK-arbeid, deltaking i konfirmantarbeid, eigenøving m.m.

### **Korskulen**

Korskulen består av ulike kor for ulik aldersgruppe: Knøttekoret (2-5 år), Aspirantkoret (6-10 år) og Jentekoret (10-15 år). **Konsertar med korskulen i Førde kyrkjei 2022:**

- ✓ Minikonsert Førde kyrkje 15. februar. Arr: Korskulen
- ✓ Synge på Korkafè på Hafstad vidaregåande skule 8. mars. Arr: Damekoret Cora (minus Knøtte- og Aspirantkoret)



- ✓ Korskulen sin Vårkonsert tysdag 31. mai i Førde kyrkje. Arr: Korskulen
- ✓ Konsert i samband med Kulturhatta fredag 10. juni utanfor Førde omsorgssenter og utanfor Kunstmusèet. Arr: Kulturhatt (minus Knøttekoret)
- ✓ Korskulen sin haustkonsert i Førde kyrkje tysdag 4. oktober. Arr: Korskulen
- ✓ Konsert i Førdehuset saman med Christine Sandtorv m/band og koristar frå Naustdal og Jølster måndag 17. oktober. Arr: Felles for alle kora
- ✓ Synge på orgelkonsert med Iver Kleive i Førde kyrkje fredag 21. oktober (berre jentekoret)
- ✓ Luciakonsert tirsdag 13. desember (minus Knøttekoret)
- ✓ Synge jula inn på NRK-radio (Sogn og Fjordane) tysdag 20. desember (minus Knøttekoret)
- ✓ Førde omsorgssenter, 4 gongar i året
- ✓ Gudstenester, 4 gonger i året

### **Førde kyrkjekor**

Førde kyrkjekor feira sitt 50-årsjubileum i 2021, men grunna korona vart jubileumskonserten utsett til 2022. Koret har kring 30 medlemmar, og har plass for fleire.

- ✓ Forsongarkor på Oskeonsdagsgudstenesta i Førde kyrkje onsdag 2. mars
- ✓ Song på avskilsgudstenesta til Miquel Espinoza søndag 27. mars
- ✓ Deltok på Kor- og korpskonsert i Bygstad kyrkje måndag 4. april. Arr: Bygstad bras
- ✓ Deltok på Kor- og korpskonsert i Førde kyrkje torsdag 7. april i samarbeid med Førde musikklag
- ✓ Minikonsert i samband med Medarbeidarfesten for friviljuge
- ✓ Eigen konsert i samband med Kulturhatta fredag 10. juni
- ✓ Allsongskonsert på Førde omsorgssenter og avslutning onsdag 15. juni.
- ✓ Deltok på Haustkonserten saman med Korskulen og Deciding i Førde kyrkje tysdag 4. oktober
- ✓ Jubileumskonsert 50 + 1 år søndag 23. oktober
- ✓ Førde omsorgssenter onsdag 26. oktober
- ✓ Song på NMS si misjonsmesse laurdag 5. november
- ✓ Song på minnegudsteneste i Førde kyrkje søndag 6. november
- ✓ Eigen adventskonsert i Førde kyrkje onsdag 30. november
- ✓ Kyrkjelyden sin julekonsert søndag 11. desember
- ✓ Julekonsert i Kvammen kapell onsdag 14. desember

Kyrkjekoret deltek elles fast på høgtidsgudstenestene: 1. påskedag. 17. mai, 1. pinsedag og 1. juledag samt på fleire «vanlege» gudstenester i løpet av året.

Jubileumskonserten 23. oktober vart ein opptur for koret med mykje gode tilbakemelding og mykje publikum. Det har i løpet av året kome fleire nye medlemmer i koret!

Kantor inviterte Iver Kleive til Førde for å ha orgelkonsert i samband med ei tenkt kulturveke i Førde kyrkje. Han takka ja og samla ca. 120 publikum til ein storslått konsert i Førde kyrkje fredag 21. oktober. Jentekoret fekk synge på konserten og det var riktig stas!

### **Utfordringar framover**

Korarbeid er eit positivt men krevjande arbeid. Her møtest kring 40 barn + nokre foreldre, og 25 kyrkjekoristar kvar veke. Dei øver både mot deltaking i gudstenester og konsertar i kyrkja og på andre arenaer. Dette er eit viktig arbeid som når mange i kyrkjelyden vår. Det er trong for fleire ressursar inn i dette arbeidet!

Førde kyrkje treng nytt piano/flygel. Det er allereie samla inn noko pengar til dette på jubileumskonserten for kyrkjekoret. Dette blir jobba vidare med i 2023.

## **9. Frå diakonane: diakonalt arbeid**

Oppgåvene til diakoniarbeidarane er knytt opp til tiltaka i den lokale diakoniplanen. 2022 vart tilnærma eit normalår på dette arbeidsområdet.

### **Frå Ingvard:**

**Gudstenestearbeid:** medansvar for kvardagsmessene, helgemessegudsteneste, klokkartenste gjennom året, andaktar og besøk på omsorgssenteret i Førde. Nytt i år var andaktar på omsorgsentra på Vassenden og Skei, to samarbeidsgudstenester med Førde Ressurscenter til jul og påske og gudstenester i Naustdal og Vassenden, i tillegg til nokre gravferder.

**Konfirmantarbeid:** innskriving av nye konfirmantar vart gjennomført etter planen. Leir på Nesholmen i september og deltaking på konfirmantfestival i Sunnfjord. Ansvar for den årlege fasteaksjonen med konfirmantane vart gjennomført som dør til dør-aksjon.

**Barn og ungdom:** Vandringar i kyrkja med barnehagane til jul og påske. Vandring gjennom Bibelen, kurs for 4. trinn vart gjennomført i dei fleste klassane. Nytt dette året at dette også omfatta 4. klassane på Skei og Vassenden skular. I alt 9 klassar og 170 elevar. Var med på VAKUUM-veka i august. Elevar på 4. trinn var med på kyrkjevandring. Klassar frå Hafstad vidaregåande skule var på kyrkjebesøk med fokus på albertavla og barokk kyrkjekunst.

### **Fellesskapsbyggjande arbeid**

- 10-kaffien og onsdagstur kvar onsdag kom gradvis tilbake til oppslutning som tidlegare. 10-kaffien har vore eit tilbod i 20 år i 2023
- Vi fekk nok deltakarar til ei sorggrupper på hausten
- Kyrkja i byen: møteplass på Handelshuset har gått med nokre få pausar. To frivillege og tilsette er med på tiltaket.
- «Julafta for alle» på Kyrkjetunet samla om lag 50 gjestar og 10 frivillege medarbeidarar. Tiltaket er godt innarbeidd og er i samarbeid med Friskliv og frivillegsenteret i Sunnfjord kommune.
- Sykkeldugnad vart gjennomført i april
- Arbeid med Helg og Heim

Ingvard Vagstad  
Diakoniarbeidar

## Frå Anita:

### Barn og ungdom:

- Babysong: i vår har eg leia fem av samlingane. Jamt godt oppmøte
- Ope hus: eg har vore leiar på ei samling i vår og to samlingar i haust og hatt andakt på ei av dei. God stemning og godt frammøte
- Vakuumveka: ei veke gjekk med til planlegging og gjennomføring av fire «dagsleirar» på Førde barneskule
- Konfirmantar: i vår var eg medlærer i to klassar saman med Ingvald og hjelpte til under Fasteaksjonen. I mai var eg saman med kateketen og orienterte om konfirmantopplegget til kyrkja i Førde. I haust har eg vore åleine lærar i to klassar frå Halbrend. Eg har hatt fire classesamlingar med kvar klasse. To ettermiddagar med innskriving, ein laurdag med Kick off, konfirmantleir på Nesholmen og ein laurdag med konfirmantfestival. Gaming-konfirmantar: Har vore med på tre av samlingane på Spentst dette året. Utfordrande og kjekt å vere med ungdommar!

### Arbeid knytt opp mot gudsteneste:

- Kyrkjekaffi: Eg har organisert kyrkjekaffi etter «konfirmantbolken» var ferdig i februar og fram til ny konfirmantbolk i haust.
- Kyrkjeskysen: er det også eg som har organisert. Det har vore fire enkeltpersonar eller par som har bytt på søndagane.
- Gudsteneste: Eg har vore klokkar og medliturg på ni forordna gudstenester og preika på to av desse. Eg har også preika på eine skulegudstenesta til jul og vore medliturg på to gudstenester i samarbeid med Førde ressurscenter
- Kvardagsmesse: Liturg saman med diakoniarbeidar og frivillege på seks messer.
- Andaktar på Førde omsorgssenter: Kvar torsdag føremiddag. Deltek i turnus saman med seks andre.
- Som diakon har eg òg hatt nokre oppdrag med gudsteneste og gravferder andre stader i Sunnfjord fellesråd.

### Fellesskapsbyggjande arbeid

- 10-kaffi og onsdagstur: eg har vore på 10-kaffien innimellom og delteke på kring kvar fjerde onsdagstur
- Familiesøndag: dette var eit nytt tilbod som diakon, trusopplærer og kateket starta opp i 2022. Vi har hatt samarbeid med NMS, Normisjon, KFUK/KFUM og kontor om desse samlingane. Vi har hatt tre samlingar i haust med litt ulike «konsept». Utesamling på Slåtten skule, middag og program på Førde kyrkjetun pluss samling i Førde kyrkje med vandring, formingsaktivitet og kaffimat. Tilbodet er for alle, men er spesielt retta mot unge familiar. Vi har fått gode tilbakemeldingar, men treng tid for å få innarbeidd tilbodet.
- Kyrkja i byen: har vore på Skywalken på onsdagar kring kvar femte veke. I tillegg hadde eg stand der på Verdensdagen for psykisk helse

### **Samarbeid mellom barnehage/skule og kyrkje**

- Påskevandring med barnehagar: diakonen var med på to av vandringane
- Vrimletid i kyrkja: ei samling
- Julespel for barnehagar: to heile dagar
- Skulegudsteneste: diakonen har hatt preika på den eine gudstenesta til jul

### **Sorgarbeid/sjelesorg**

- Gravferder og bisetjingar: har vore liturg i tre gravferder og to bisetjingar i Førde dette året, pluss at eg var medliturg med Carsten på ei gravferd.
- Sjelesorg: har nokre samtalar jamt fordelt utover året. Dei fleste har vore ein til ein samtalar

Anita Rusken  
diakon

## **10. Diakoni og miljøutvalet**

Leiar: Hanne Schnitler (leiar)  
Medlemmer: Olaug Åmot, Margit Nygård, Harald Eikenes, Leonard Subrescu (sokneråds-representant), Aud Berit Fossøy (sokneråd-representant)  
Tilsette: Diakon Anita Øvreås Rusken og diakoniarbeidar Ingvar Vagstad

Diakoni- og miljøutvalet har hatt 3 møter i 2022. Året har i mindre grad vore prega av Korona-pandemi og restriksjonar, men det tok tid før alle tiltak kom i gang att.

### **Det diakonale arbeidet i kyrkjelyden i 2022:**

**Grøn kyrkjelyd:** Førde kyrkjelyd har vore «Grøn kyrkjelyd» sidan 2009, og miljøarbeidet er godt forankra i trusoppplæring, konfirmantundervisning, gudstenester og i dagleg drift. Sykkeldugnad 21. april var einaste miljøarrangement dette året.

Miljøplanen vart revidert i 2018. Førde kyrkje er registrert i portalen til Miljøfyrtårn. Ein har då høve til å søke om Miljøfyrtårnsertifisering. Førde kyrkje er under ombygging, og det er plan om bruk av fjernvarme, noko som vil vere eit godt miljøtiltak.

**Kyrjekaffi i kyrkja:** Konfirmantforeldre har stått for gjennomføring deler av året, og dette fungerer godt. Foreldra og konfirmantane får meir kontakt med kyrkjelyden. Kateketen organiserte dette. Frå mars til og med august stod kyrkjevertar og andre frivillige for gjennomføring. Diakonen organiserte dette. Diakonen organiserer også kyrjekaffi på kvardagsmesser.

**«Søndag for alle»,** der Førde Kyrkje samarbeidde med Førde Normisjon, Førde KFUK/KFUM og Solvang Søndagsskule, har ikkje blitt gjennomført i 2022. Vi har starta opp ein variant som heiter **Familiesøndag**. Dette er eit tilbod retta inn mot barnefamiliar, men er opne for heile storfamilien. Det vart gjennomført tre Familiesøndagar hausten 2022. Diakon, kateket og

trusopplærar driv dette tilbodet. Vi samarbeider med Førde Normisjon, Førde KFUK/KFUM, speidarane og Kvinner i siget (NMS).

**Kyrkjeskys:** Det har vore tilbod om kyrkjeskys gjennom nesten heile året. Diakonen har organisert dette.

**Besøkeneste:** På grunn av koronarestriksjonar har det vore vanskeleg å oppretthalde tilbodet i 2022. Ein del har fått besøk på omsorgssenteret i samband med torsdagsandaktene. Nokre få har fått besøk heime.

**Andakt på Førde omsorgssenter:** Det har vore andakt kvar veke det meste av året. Desse har hatt god oppslutning mykje takka vere god tilrettelegging frå omsorgssenteret. Både tilsette og frivillige deltek i denne turnusen.

### **Oppfølging av uløna medarbeidarar**

Det vart arrangert medarbeiderfest i 2022. I komitèen for festen sat kantor, dagleg leiar på Kyrkjetunet, diakoniarbeidar og diakon. Sokneprest og diakon hadde ei samling for frivillige på gudstenester midt i desember. Det vart sendt ut julehelsing til uløna medarbeidarar.

**Sorgarbeid:** Minnegudsteneste på helgemessesøndag samla også i år mange pårørande. Det vart tent lys på alterringen, og namna til dei som døydde i 2022 vart nemnde. Sorggrupper i samarbeid med Sunnfjord kommune og Helse Førde er eit kontinuerleg tilbod kvart semester. Dette året var det gruppe om hausten med 4 deltakarar.

**KN-aksjonen:** Denne årlege aksjonen i fastetida til Kirkens Nødhjelp er det konfirmantane saman med foreldre som gjennomfører. Aksjonen vart dette året gjennomført som dør-til-dør-aksjon. Summen vart rekordhøg med kr 169.343,- (inkluderar basar, kyrkjeoffer og andre vipsinnbetalingar).

**Julafta på Førde kyrkjetun:** Tiltaket er godt etablert med gode samarbeidsrelasjonar til Sunnfjord kommune og Førde Frivilligsentral. Dette året kom det 50 gjestar og 10 frivillege. Det er svært gledeleg at vi får frivillege som stiller opp. Arrangementet fekk ei raus gåve på kr 30 000,- frå Sparebanken Sogn og Fjordane. Elevar frå Halbrend skule har i fleire år bakt småkaker til arrangementet. Det vert sett stor pris på.

**Kyrkja i byen:** Visjon for Kyrkja i byen er å styrkje Førde kyrkje sitt nærver i byen. 3 tilsette og to uløna medarbeidarar har dette året vore med i turnus for eit møtepunkt på Skywalken på Handelshuset omlag kvar onsdag mellom klokka 14-16. Mange stoppar for å slå av ein prat.

### **Samarbeid med Friskliv og frivillegsenterert og Aktivitetseininga om 2 tiltak**

**10-kaffien** på Kyrkjetunet vart arrangert kvar onsdag i skuleåret. 10-kaffien er eit godt møtepunkt utan anna fast program enn kaffi og vaflar. Vi har basar før jul og sommaravslutning som samlar ekstra med folk. Frivillege gjer ein stor innsats med drift av

kafeen. Den har no vore drive samanhengande sidan hausten 2003.

**Onsdagsturane** etter 10-kaffien er og gode diakonale møtepunkt der ein inviterer til turar i nærområdet. Ein tilsett frå kyrkja og ein tilsett frå Aktivitetseininga har ansvar for turen, og mellom 10 - 15 personar er med kvar gang.

**Smågrupper:** Fleire grupper har hatt koronapause, nokre er i gang som før, og nokre har lagt møta sine til Førde kyrkjetun. Det gjeld m.a. «Farsigruppa», NMS mannsgruppe og Støttegruppa for asylsøkjjarar. Støttegruppa held fram å halde kontakt med dei som vart døypte i Førde, enten dei er i Førde eller i andre land.

Diakoniutvalet har ikkje full oversikt over alle grupper. Det er eit mål å invitere til temakvelder, sende ut informasjon, og opprette nye grupper.

**Strikketreff:** Nytt tiltak hausten 2022 er strikketreff annakvar måndag på Førde kyrkjetun. Diakoniutvalet ønska å starte opp eit kreativt samlingspunkt, og Kari Skullerud Holsen hadde starta opp «Ull og omtanke – Sunnfjord». Dermed valde diakoniutvalet å satse på dette, og stiller med lokale, marknadsføring og legg til rette for gruppa. Treffet rekrutterer damer i alle aldrar, som strikker og monterer tepper til kreftpasientar.

Hanne Schnitler  
leiar

## 11. Trusopplæringsutvalet (TRU)

Desse sit i utvalet: Leiar: Anne Magerøy (NMS). Sekretær: Heidi V. Styve. Utvalsmedlemar: Gunn Heimestøl (Holsen og Haukedalen sokneråd), Sven Ivar Hove (Førde sokneråd), Kariann Aasland (KFUK-KFUM), Gry Sætre

### Nye tiltak:

- Vrimletid i kyrkja.
- Leiketreff
- Familieretta tiltak
- Kirkerottene
- Samling på Slåtten skule på kveldstid «kveldsugle»

### Trusopplæringa har i 2022 gjennomført desse aktivitetane:

- Spiren (78 born innom)
- Krøllesamlingar – nytt tiltak. Forsøkt fyrste gong i desember-21. (25 born innom)
- Utdeling av 4-årsbok haust og vår (24 born)
- Kirkerottene (29 born innom)
- Vakuumveka (51 born)
- Tårnagent (40 born)
- Agent for skaparverket (10 born)
- Ope hus (48 born innom)
- Workshop (i samarbeid med Deciding) (5 born innom)

- Konfirmantarbeidet (152 blei konfirmerte i Førde i 2022)
- I tillegg hadde vi påskevandring og julespel for barnehagane, og nokre skulegudstenester før jul. Det var og vandring gjennom Bibelen på skulane, og besøk av 4.klasse i kyrkja.

#### **TRU vil i 2023 arbeide vidare med:**

- Revidering av trusopplæringsplanen
- Planar og idèar for nye tiltak i trusopplæringa
- Gjennomgang og evaluering av trusopplæringsplanen.

Anne Magerøy

Leiar

## **12. Utval for gudsteneste og kyrkjemusikk (UKG)**

Cathrin Hjelle Søvde (leiar), Inger Helene Nordeide, Ingvald Andersen Frøyen, Gro Gunnarson og Odd Arne Standal

Utvalet møtte fem gongar i 2022.

- Torsdag 27. januar
- Torsdag 17. februar
- Torsdag 12. mai (gjennomgang av pilgrimsruta)
- Torsdag 15. september – Pilgrimsvandring i Førde
- Tirsdag 8. november

Utanom dei faste oppgåvene som ligg i mandatet for utvalet, har ein særskilt jobba med fylgjande:

- Bemanning Korskulen
- Pilgrimsaktivitet i kyrkjelyden
 

Torsdag 15. september blei det gjennomfør Pilgrimsvandring i Førde der det totalt var 22 personar som deltok. Det var ein flott vandring der mykje fungerte veldig bra, men utvalet vil sjå på enkelte justeringar som kan vere nødvendig. Som t.d. vurdering av songane som vart brukt under vandringa. Vurdere færre stopp og heller lenger distansar.

Dette var ruta: Vie ved Sandvolleyballhallen – Hafstadparken – Hafstad Vidaregåande skule og over gangbrua – gjennom parken og bort til Torsheim statuen – Bedehuset og kyrkja. Vi stoppa her: Vie, Storetungrova, Blomereina, Hafstadparken, Torsheim statuen og Bedehuset
- Gudstenester
  - Gudstenesteplan/ -program
  - Temagudsteneste 2023
- Korskulen i kyrkjelyden

Cathrin Hjelle Søvde

leiar

## 13. Kyrkjelydsbladet Helg og heim

### Overordna målsetjing for bladet:

- at bladet vert lese av folk flest i alle sokna
- at bladet kan ha eit innhald som både handlar om den kristne bodskapen og i tillegg har plass for kulturhistorie, reportasjar og portrett av engasjerte menneske
- at bladet både melder og speglar aktivitet i kyrkjelydane

### Trykking og distribusjon:

Helg og Heim har kome ut med 4 nummer i 2022. Grafisk utforming er ved Geir Skagen, Firda Tidend på Sandane. Trykking: Husabø Prenteverk vart i 2022 overtatt av Printfarm i Årdal, og blad nr. 2, 3 og 4 er trykte der. Posten leverer ut blada som før.

Opplaget på bladet er no om lag 7560. Alle blad i år hadde 20 sider, med giro i blad nr. 2. Bladet vart sendt ut til alle i sokna Førde, Naustdal, Vevring, Holsen og Haukedalen, i tillegg til den delen av Askvoll som ligg på Førdefjorden si sørside. Bladet blir også sendt til nokre betalande abonnentar utanom sokna.

### Redaksjon:

I redaksjonen: Jenny Snildal, Ingvar Vagstad og Hanne Schnitler. Frå blad nr. 2 kom Annbjørg Eiksund Hesselberg med i redaksjonen. Fleire har bidrege med artiklar, intervju og informasjon. Kyrkjekontora leverer informasjon om trusopplæring, aktuelt, oversikt over døypte og gravlagde og gudstenestelister. Sokneråda har òg levert aktuelt stoff.

### Styret:

Ole Johnny Warvik frå Førde sokneråd (leiar)

Arne Kleiva frå Naustdal sokneråd

Marit Solheim, Førde

Bodil Frøysland frå Holsen og Haukedalen sokneråd (skrivar)

Styret har hatt 3 møte i 2022. Styret har tatt opp saker som gjeld arbeidet med bladet, økonomi og annonser/annonsørar.

Arne Kleiva har annonser, typografi og kundeoppfølging som sitt hovudvirke. Nytt i år er oppsett av interne rutinar fram til fakturering, i samarbeid med Ann Berit Steiro og Marit Solheim.

### Økonomi:

Rekneskapen til Helg og Heim går inn som ein del av rekneskapen til Førde sokn. Den største kostnaden er trykking og porto.

Det kom inn kr 131 000 i bladpengar (2021: kr 143 300). Kyrkjeoffer kr 23 172 er ein stor auke frå 2021 (kr 6139 i 2021) Dette kan ha samband med lav deltaking på gudstenester i Koronatida. Annonseinntekter: Kr 61 824, derav kr 2 800 som er faktura for annonse i 2021. (2021: kr. 42 400, eks. summen på kr 2800). Vi ligg opp under grensa for kor mange annonsar vi kan ha under ordninga med distribusjon til alle husstandar.



Rekneskap for 2022 viser eit overskot på kr 9 284, som vert overført til bunde fond.

Ole Johnny Warvik  
styreleiar

## **14. Førde Kyrkjetun**

Styret har saman med Førde Sokn drive Kyrkjetunet i samsvar med vedtektene som sist vart endra 21. februar 2013.

### **Styret si samansetjing**

Kjell Haaland – leiar (2020 -2022)

Jostein Tjugum - nestleiar (2020 - 2023)

Helge Naustdal – styremedlem (2021– 2023)

Jostein Bildøy – styremedlem (2022 – 2024)

Inger Cesilie Fitje - styremedlem (2022 – 2024)

Styret har hatt 5 møte og handsama 29 saker.

### **Dagleg leiing og dugnad**

Ann-Berit Steiro har vore dagleg leiar i 75 % stilling sidan 1. mars 2019. Frå 1. januar vart ho tilsett i 15 % stilling som sekretær på Kyrkjekontoret og har totalt 90 % på huset. Avtalen er at arbeid for Kyrkjetunet skal ha fyrste prioritet ved til dømes minnesamvær, kurs og møte.

Olaug Aamot har gjennom fleire år vore til uvurderleg hjelp. Ho er tilsett som reinhaldar/kjøkkenhjelp 20 timar pr. mnd. og legg i tillegg ned stor frivillig innsats.

Vi har eit svært godt samarbeid på huset, både tilsette og dugnadsfolk. Elles er vi framleis svært avhengig av ein stor stab med ivrige dugnadsarbeidarar, både som kjøkken/arrangementshjelp og for vaktmeister-tenester.

### **Aktivitet**

Kontordelen er leigd ut til Sunnfjord Kyrkjelege Fellesråd i samsvar med avtale. Kontordelen er etter kvart for liten. Frå 2. halvår 2016 har kyrkjekontoret nytta Bergkrystallen i 3. etg. som samtalerom. Fellesrådet leiger Smaragden (konfirmantrommet) i staden for Bergkrystallen. Eit av kontora vart delt med skiljevegg våren 2021. Framleis er det trong for fleire kontorplassar.

I løpet av 2022 har det vore fleire møte, både internt mellom dei tilsette i Fellesrådet og mellom kyrkjeverje, leiarar i fellesrådet, soknerådet og husstyret samt Helge Naustdal i dobbeltrolla som arkitekt og medlem i husstyret. Helge har utført eit omfattande arbeid med fleire utkast til løysingar for ombygging av deler av eksisterande areal og påbygg med

tilleggsareal. Endeleg løysing vil gje 5 nye kontorplassar og ny garasje. I desember 2022 vart det underteikna intensjonsavtale om påbygg og ny leigeavtale med fellesrådet som gjeld i 25 år frå noverande leigeavtale går ut 1. april 2026.

Kyrkjetunet hyser eit omfattande og variert kristent barne- og ungdomsarbeid. Senter for denne verksemda er ungdomslokala i 1. høgda, men også andre deler av huset vert nytta. Dette arbeidet vert for ein stor del drive av KFUK/KFUM Førde.

Trusopplæringa i kyrkjelyden gjer omfattande bruk av huset. "Spiren" peiker seg ut som særleg vellukka, med stor deltaking av barn og foreldre. Førde Kyrkjetun vert også brukt til konfirmantundervisning. Dei bruker då rom i alle etasjer i undervisninga, samt kjøkken. Kvar onsdag er det 10-kaffi i 1.etasje i barne- og ungdomslokalet. Dette er eit arrangement som er eit samarbeid mellom kyrkja, Frivilligsentralen og Ressurscenteret. Det er eit vellukka sosialt tiltak som mellom anna samlar fleire eldre.

Julaftanfeiringa har vore eit vellukka arrangement der Førde kommune og ulike frivillige organisasjonar har gått saman om å lage julemiddag og ein fin kveld. I år var der om lag 70 deltakarar, mellom dei mange flyktingar som har kome til landet i 2022.

Dei ulike møtelokala vert mellom anna brukt til konferansar/kurs, konsertar, minnesamvær, åremålsdagar, konfirmasjonsselskap, dåpsselskap, foreiningsmøte, kyrkjekaffi, julearrangement og bryllaup. I varierende grad står Kyrkjetunet sjølv for servering ved desse samkomene.

Ekstern annonsering har berre i liten grad vore gjort. Kyrkjetunet sine utleigelokale synest å stette ein trong for slike lokale i Førde og brukarane gjev gjennomgåande svært gode tilbakemeldingar både når det gjeld lokala og servicen. Dette er i seg sjølv den beste annonseringa. Facebook-konto er elles til god hjelp for annonsering/reklamerings.

Denne omfattande verksemda hadde ikkje vore mogleg utan ein arbeidsviljug stab av dugande og engasjerte dugnadsarbeidarar. Dette omfattar både kjøkkendrift, servering og vaktmeisterteneste. Kjøkkendrifta er avhengig av ei stor liste for tilkallingshjelp. Vaktmeistergruppa består av 11 personar, som arbeidar to og to kvar 6. veke. I tillegg kjem ein del fellestiltak. Dette fungerer svært godt for Kyrkjetunet.

I år takka Harald Sandvik av som medlem av vaktmeistergruppa etter å ha vore med frå starten. Han har i tillegg vore ein sentral person gjennom om lag 40 år med planlegging, finansiering, bygging og drift av Kyrkjetunet. Han har vore styreleiar i fleire periodar.

Utleige og anna aktivitet har teke seg opp etter at smittevernrestriksjonane vart avvikla. Det har vore både minnesamvær, konfirmasjonsselskap og barnedåpsselskap, kurs og møte. Husstyret og dagleg leiar fyljer utviklinga av utleigemarknaden i Førde med omsyn til konkurransen/aukande tilbod i Førde. Prisjustering av utleigetilbod er gjort og samrøystes vedteke av husstyret.

Hausten 2022 vart det igjen arrangert loppemarknad. Det er eit viktig arrangement som gir god reklame og gode inntekter til drifta og som er eit sosialt treffpunkt for både dugnadsfolk og dei som kjem innom for å handle. Det vart seld varer for om lag 46 000 kr. Ny loppemarknad er planlagt hausten 2023, styret vurderer å endre noko på innhaldet. Det har vore utført eit betydeleg tal dugnadstimar på Førde Kyrkjetun i 2022.

### **Økonomi**

Kyrkjetunet har eigen konto i soknet sin rekneskap. Intensjonen er framleis at Kyrkjetunet skal vere sjølvfinansiert.

Kyrkjetunet hadde ved byggestart i år 2000 eigenkapital på noko over 4 millionar og lån på omlag 8 millionar fordelt likt på Sparebanken Sogn og Fjordane og Opplysningsvesenets Fond. Kyrkjetunet er frå januar 2022 gjeldfritt. Hovudkjelder til inntekt har vore utleige av kontordelen og utleige og servering ved ulike arrangement, samt loppemarknad og gjevarteneste. Bak dette ligg tusenvis av dugnadstimar frå frivillige i Førde. Vedlikehald og oppgradering som ikkje krev autorisert personell og alt styrearbeid er gjort på dugnad.

I 2022 vart borda i møtesalen bytta ut, kostnad 71 800 kr. Dei gamle borda vart overteke av Sunnfjord Folkehøgskule for ein rimeleg sum. I tillegg vart det kjøpt inn ein del nye stolar til konfirmantrommet, kostnad 15 520 kr.

Driftsinntekter og driftsutgifter syner eit overskot for 2022 på kr 469 120. Fast gjevarteneste utgjer 34 093 i 2022, mot 42 500 i 2021 og 53 500 i 2020.

### **Framtid**

Konklusjonen er at økonomien er tilfredsstillande. Det tyder ikkje at vi ikkje har utfordringar. Trong for vedlikehald aukar med alder på bygning og inventar. Golvet i møtesalar må renoverast (omlag 60 000), vi treng ny oppvaskmaskin (60 000). Krav til vedlikehald og periodisk kontroll av elektrisk anlegg, heis og brannvarsling samt forsikring, kommunale avgifter, eigedomsskatt og oppvarming er kostnadskrevjande. Vi får dessutan utgifter i samband med planlegging av påbygg som må betalast før vi har grunnlag for å søke byggelån.

=====

Styret takkar alle dugnadsarbeidarar, tilsette og staben ved Førde Kyrkjekontor, samt faste brukarar - for eit svært godt samarbeid.

Kjell Haaland  
styreleiar

## 15. Rekneskap 2021

Rekneskapen for 2022 for soknet sett under eitt er gjort opp med eit mindreforbruk/overskot på kr 486 273.

	<b>Rekneskap 2022</b>	<b>Budsjett 2022</b>
Driftsinntekter	3 080 528	2 387 600
Driftsutgifter	-2 494 577	-2 259 274
Renter og avdrag	-54 992	-56 000
<b>Driftsresultat</b>	<b>530 959</b>	<b>72 326</b>
Netto bruk av fond, avsett til fond og investering	-44 686	-72 326
<b>Resultat</b>	<b>486 273</b>	<b>0</b>

Fordelt på dei ulike områda er resultatet slik:

### Anna kyrkjeleg verksemd

	<b>Rekneskap 2022</b>	<b>Budsjett 2022</b>
Driftsinntekter	539 149	273 000
Driftsutgifter	-606 050	-408 174
Renteinntekter	726	0
<b>Driftsresultat</b>	<b>-66 175</b>	<b>-135 174</b>
Avsett til fond – gåver til ny løpar	-26 442	-20 000
Bruk av bundne fond	117 471	146 000
Bruk av disposisjonsfond	0	53 686
<b>Resultat</b>	<b>24 854</b>	<b>44 512</b>

Offer til andre enn soknet vert ført både som inntekt (når offeret kjem inn) og som utgift (når pengane vert betalt vidare). Avvik mellom budsjett og rekneskap skuldast i hovudsak større offer enn rekna med då budsjettet vart sett opp, i tillegg er det på inntektssida ein del billettinntekter frå to konsertar som ikkje låg i budsjettet, og på utgiftssida tilhøyrande utgifter ved desse konsertane.

### Konfirmantarbeidet

	<b>Rekneskap 2022</b>	<b>Budsjett 2022</b>
Driftsinntekter	314 280	252 500
Driftsutgifter	-312 417	-322 000
<b>Driftsresultat</b>	<b>1 863</b>	<b>-69 500</b>
Avsett til fond - konfirmantarbeid	-279 036	-207 500
Bruk av fond - konfirmantarbeid	277 173	277 000
<b>Resultat</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Det er tilbakebetalt ein del konfirmantavgifter til dei som vart konfirmerte våren 2022 pga. at nokre av dei aktivitetane dei hadde betalt for ikkje var gjennomførte. Tilbakebetalinga var likevel mindre enn rekna med, og inntektene er difor ein del større enn i budsjettet.

Det som er avsett til fond og bruk av fond har samanheng med at konfirmantinntektene kjem om hausten, medan ein del av aktivitetane/utgiftene kjem i rekneskapen året etter.

### Trusopplæring

	Rekneskap 2022	Budsjett 2022
Driftsinntekter	95 044	87 000
Driftsutgifter	-130 558	-97 000
<b>Driftsresultat</b>	<b>-35 514</b>	<b>-10 000</b>
Bruk av fond	10 370	10 000
<b>Resultat</b>	<b>-25 144</b>	<b>0</b>

Det er kjøpt inn noko meir materiell m.m. enn planlagt, og utgiftene er difor ein del større enn i budsjettet. I tillegg er husleiga noko større enn budsjettet. Størsteparten av husleiga er til kyrkjetunet.

### Diakoni

	Rekneskap 2022	Budsjett 2022
Driftsinntekter	114 527	0
Driftsutgifter	-45 072	0
<b>Driftsresultat</b>	<b>69 455</b>	<b>0</b>
Avsett til fond	-52 012	0
<b>Resultat</b>	<b>17 443</b>	<b>0</b>

Ansvar for 10-kaffien og julaftan på kyrkjetunet vart overført til soknet frå fellesrådet i løpet av året, og det er difor ikkje sett opp noko budsjett på desse postane. Det som er sett av til fond er oppsamla overskot frå julaftan-arrangementa.

### Helg og Heim

	Rekneskap 2022	Budsjett 2022
Driftsinntekter	237 623	225 100
Driftsutgifter	-228 340	-225 100
<b>Driftsresultat</b>	<b>9 283</b>	<b>0</b>
Avsett til fond	-9 283	
<b>Resultat</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Det har kome inn noko mindre bladpengar, men meir annonseinntekter og meir offer, og totalt sett er difor inntektene noko større enn budsjettet.

### Førde kyrkjetun

	Rekneskap 2022	Budsjett 2022
Driftsinntekter	2 022 875	1 800 000
Driftsutgifter	-1 415 111	-1 457 000
Renter og avdrag	-55 718	-56 000
<b>Driftsresultat</b>	<b>552 046</b>	<b>287 000</b>
Avsett til disposisjonsfond	-51 512	-51 512
Overført til investeringsrekneskopen	-31 413	-280 000
<b>Resultat</b>	<b>469 121</b>	<b>-44 512</b>

Det har vore større aktivitet enn rekna med, og inntektene er dermed større enn i budsjettet.

På utgiftssida er det brukt meir enn budsjettert på nokre postar, m.a. innkjøp av mat (pga. auka aktivitet) og lønsrefusjon til fellesrådet; på andre postar er det brukt mindre, m.a. straum og vedlikehald.

Det som er ført som investeringar i 2022 er utgifter knytt til planlagt ombygging/påbygging; det som var budsjettert her var innkjøp av nye bord og stolar, men omfanget/utgiftene til dette vart mindre enn først planlagt, slik at dette er ført direkte som utgift i driftsrekneskapen.

### Soknet har desse fonda:

	Pr. 01.01.22	Endring 2022	Pr. 31.12.22
Fond minnegåve	10 370	-10 370	0
Driftsfond konfirmantarbeid	277 173	1 863	279 036
Driftsfond løpar Førde kyrkje	50 340	-50 340	0
Aktivitetsfond	76 200	-40 689	35 511
Fond julaftan	0	52 012	52 012
Driftsfond kyrkjebladet	78 861	9 283	88 144
<b>Sum bundne fond</b>	<b>492 944</b>	<b>-38 239</b>	<b>454 703</b>
Disposisjonsfond Førde sokn	103 414	0	103 414
Disposisjonsfond kyrkjetunet	417 410	51 512	468 922
<b>Sum disposisjonsfond</b>	<b>520 824</b>	<b>51 512</b>	<b>572 336</b>
<b>Sum fond</b>	<b>1 013 768</b>	<b>13 273</b>	<b>1 027 039</b>

(Pga. avrunding er det nokre kroner i avvik på nokre av summene i tabellen)

Minnegåva er brukt til trusopplæring.

Det som var samla inn til løparen i kyrkja (ca. 50.000 pr. 01.01.22 + ca 26.000 innkome i 2022) er overført til fellesrådet, som har dekt den resterande kostnaden.

Aktivitetsfondet er brukt til framsyning med «Kyrkjerottene» i tillegg til eit anna arrangement, og nokre utgifter i samband med utegudsteneste.

Bankinnskott ved utgangen av året: **1 443 679**

### Offer i Førde kyrkje

	Rekneskap 2022	Rekneskap 2021	Rekneskap 2020	Rekneskap 2019
Trusopplæring	44 490	9 243	17 430	57 016
Ungdomsarbeid		57 886	29 453	54 603
Diakoniarbeid			15 148	30 871
Anna, Førde sokn	52 426	37 304	18 981	61 061
Helg og heim	16 438	936	11 705	5 827
Førde kyrkjetun	9 842	6266	4 743	17 088
Kirkens Nødhjelp				69 688
Andre organisasjonar	336 598	112 061	115 931	209 157
<b>SUM</b>	<b>459 974</b>	<b>223 696</b>	<b>213 391</b>	<b>505 311</b>

Offer til ungdomsarbeid og diakoniarbeid vert overført til fellesrådet og inngår difor no i summen til «Andre organisasjonar». Også offer til Kirkens Nødhjelp vert no ført saman med offer til andre.